

Uttalelse vedtatt på årsmøtet i Naturvernforbundet Hordaland 18.03.2017

Naturvernforbundet krev mykje strengare miljøkrav til oppdrettsnæringa

Bruken av medisin og kjemikaliar, ureining frå fiskefor og møk, lakselus og rømming er ikkje under god nok kontroll i fiskeoppdrett verken i Hordaland eller resten av landet. Naturvernforbundet Hordaland er uroa over at om lag 20 prosent av oppdrettsfisken som vert sett ut i sjøen, vert borte på grunn av død og rømming før han skal slaktast. (Veterinærinstituttets rapport 2015/2016).

Naturvernforbundet Hordaland krev at styresmaktene set mykje strengare krav til oppdrettsnæringa, slik at næringa ikkje påverkar økosystema negativt. Det er langt frå tilfelle i dag. Det kan godt henda at produksjonen må reduserast for å få kontroll med problema i næringa.

For å ta vare på villaksstammene i Hardanger treng me Genbank Hardanger. Det er både styresmaktene, oppdrettarane elveeigarane og sportsfiskarane sitt ansvar. Kontrollen med oppdrettsnæringa er styresmaktene og oppdrettsnæringa sitt ansvar. Alle me andre som brukar fjorden og et både vill og oppdretta fisk, vil ha garanti for at oppdrettsnæringa ikkje går ut over alt det andre livet i fjorden både på kort og lang sikt.

Naturvernforbundet synest at me ikkje har den garantien i dag. I fyrste omgang krev me økologisk berekraftig for, lukka oppdrettsanlegg med oppsamling av overskotsfor og møk. Slike anlegg hindrar rømming og kan vonleg føra til betre kontroll med lakselusa.